

# BÅTSIKKERHEIT

Herøy vidaregåande skule starter kurs i Båtførerprøven og SRC/VHF i januar 2010.  
Vi held kursa i våre lokaler i Fosnavåg.

## SRC/VHF-kurs



VHF er noko av det viktigaste utstyret om bord i fritidsbåten. I ein nødsituasjon bør flest mogleg av dei som er i båten kunne betjene utstyret. Undervisningen på dette kurset går over 12 skuletimar, og omfattar radioreglementet og praktisk bruk av VHF.

Kurset fører frem til ein teoretisk 1-timers eksamen for "Begrensa Radiotelefonisertifikat", som er eit offentleg krav for å installere og bruke VHF. Eksamen vert avvikla med sensor fra Telenor. Kurspris er kr 1.300,-. I tillegg kjem eksamen/sertifikat-avgift på kr 675,- til Telenor.

Du får låne pensumbok medan kurset pågår.

**Kursdagar: 7. jan., 14. jan., og 21. januar 2010, kl. 17.00 til 20.00**

## BÅTFØRERPRØVEN



Båtførarkurset går over 20 skuletimar og er obligatorisk for alle båtførarar i Norge som er fødte etter 1980, men er svært nyttig for alle. Undervisninga går over fem kvelder.

Du får ei grunnleggjande innføring i dei emna som Sjøfartsdirektoratet krev til båtførerprøva. Reglar om navigering, sjømannskap og nødvendige signal for sikker navigering, er nokre av dei emna du lærer meir om.

Kurset vert avslutta med teoretisk eksamen, 1 time.

Båtførerbeviset vert utsteda til alle som har bestått.

Kurspris er kr 2.100,-. Det kjem eksamensavgift på kr 525,- i tillegg.

**Kursdagar: 5. jan., 12. jan., 19. jan., 26. jan. og 02. feb. Kl. 17.00 – 20.30**

Du får låne kart, parallellforskyver, lærebok og passar på skulen.

Ein time i simulator inngår i opplegget!

Aldersgrense for kurset er 14 år.

**Ta kontakt med Herøy vidaregåande skule, tlf. 70080380 for spørsmål og påmelding.**

*Ver ute i god tid før båtsesongen startar!!!*